

***Kommunedelplan  
for idrett  
og fysisk aktivitet  
i Sande kommune  
2007 - 2010***

Planen er redaksjonelt bearbeidd med omsyn til oppdatert handlingsdel.

<b>INNHALD</b>	<b>side</b>
<b>1. PLANFØRESETNADER .....</b>	<b>4</b>
1.1 Status Sande kommune .....	4
1.2 Bakgrunn for planen .....	4
1.3 Statlege og fylkeskommunale overordna mål og føringar .....	5
1.4 Planprosessen .....	5
1.5 Tilhøvet til andre planar .....	5
<b>2. ANALYSE AV BEHOV FOR AKTIVITETAR OG TILRETTELEGGING .....</b>	<b>6</b>
2.1 Kva fungerer bra i Sande, og kva kan bli betre ?.....	6
<b>3. MÅLSETTINGAR OG STRATEGIAR .....</b>	<b>7</b>
3.1 Hovudmål .....	7
3.2 Delmål .....	7
<b>4. RESULTATVURDERING AV FØREGÅANDE PLAN – Perioden 2004 – 2006 .....</b>	<b>9</b>
4.1 Gjennomførte tiltak .....	9
4.2 Ikkje gjennomførte tiltak – status .....	9
<b>5. REGISTRERING AV AKTIVITET OG ANLEGG .....</b>	<b>10</b>
5.1 Registrerte aktivitetar .....	10
5.1.1. Organisert idrett .....	10
5.1.2. Friluftsansisasjonar .....	11
5.1.3. Helsesportsorganisasjonar .....	11
5.1.4. Andre aktivitetsfremjande organisasjonar .....	11
5.2 Eksisterande anlegg og tiltak i Sande kommune .....	11
5.2.1. Registrerte idrettsanlegg .....	11
5.2.2. Kommunale-registrerte anlegg for fys. aktivitet (nærmiljøanlegg) .	12
5.2.3. Andre registrerte anlegg for fysisk aktivitet (grendalag o.a. – nærmiljøanlegg) .....	12
5.2.4. Friluftsområde .....	13
<b>6. VURDERING AV ANLEGG- OG AKTIVITETSBEHOVET .....</b>	<b>14</b>
6.1. Idrettar og friluftaktivitetar det er naturleg grunnlag, som ikkje har anlegg eller aktivitetshus / -område .....	14
6.2 Anlegg tilrettelagt for grupper med særbehov .....	17

## Om planen

I arbeidsgruppa for revisjon av kommunedelplanen har desse vore med:

Vigdis Myklebust	- frå Oppvekst- og kulturutvalet
Atle Beitveit	- frå Sande idrettsråd
Hanne Nordahl Gjerde	- frå Sande ungdomsråd
Arild Roppen	- frå organisasjonane i Sande kommune

Planen er utarbeidd av kulturkonsulent Helge Kjerstad.

----- oooooo000000ooooo -----

Tekstdelen i planen for perioden 2004 – 2006 er i hovudsak vidareført i rullert plan for perioden 2007 – 2010. Deler av einskilde avsnitt i planen er korrigert i samsvar med utviklinga i den planperioden som nå snart er ute.

Ei arbeidsgruppe, oppnemnt av Oppvekst- og kulturutvalet våren 2006 har utarbeidd framlegg om tiltak i handlingsplanen for komande periode.

Arbeidsgruppa har vore samansett slik:

Inge Jonny Hide	- frå Oppvekst- og kulturutvalet
Margunn Rekdal	- frå Oppvekst- og kulturutvalet
Bente Krumsvik	- frå lag / organisasjonar i Sande
Atle Beitveit	- frå Sande idrettsråd
Ida Mykkeltveit Sandanger	- frå Sande ungdomsråd.

Arbeidsgruppa har i si tilråding lagt til grunn resultatet frå "Framtidskveld i Sande", eit idemøte, arrangert 15.06.06, der m.a. representantar frå lag og organisasjonar i Sande kommune tok del, og gav nyttige innspel til rullering av planen.

Helge Kjerstad  
kulturkonsulent

# PLANFØRESETNADER

## 1.1 Status Sande kommune

Sande kommune er ei øykommune på ytre søre Sunnmøre. Folketalet pr. 01.01.06 var 2.539. Kommunen har frå 01.01.2002 eit samla areal på om lag 95 km<sup>2</sup>, og omfattar sørvestre halvdel av Gurskøya og øyane Kvamsøy, Sandsøy og Voksa.

Kommunikasjonsmessig er kommunen samanknytt med buss og ferje. Mellom kommunesenteret Larsnes på Gurskøya, og Sandsøya/Voksa og Kvamsøya er det tilsaman 9 daglege ferjesamband. Bygdene som ligg på Gurskøya; Gjerdsvika, Gursken og Larsnes er samanbundne av fleire daglege bussamband.

Sande kommune har grense Herøy kommune og Vanylven kommune. Andre nabokommunar er Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta.

Næringsvegane i Sande fordeler seg slik:

Primæræringar;	12 % (jordbruk 4% og fiskeri/oppdrett 8 %)
Industri/bygg og anlegg	33 %
Tenesteyting, handel m.v.	22 %
Off. og private tenester	33 %.

Sande kommune har eit rikt kulturliv, med ulike tilbod til barn, unge og vaksne.

Idrett og annan fysisk aktivitet vert i hovudsak drive av idrettslag i dei einskilde bygdene i kommunen. Tilhøva for eit variert friluftsliv ligg godt til rette i Sande med merka turstiar i eit fjellterreng som er lett å ferdast i. Bygging av småbåthamner i alle bygdene har medført auka interesse for båtliv og sjøsport.

Utanom dei kommunale leike-/ aktivitetsplassane, og gymnastikksalane som er bygde i tilknytning til skulane, er alle stadion-anlegga i kommunen bygde og eigde av idrettslaga i dei einskilde bygdene.

Det er idrettslag med ulike aktivitetar i Gjerdsvika, Gursken, på Larsnes, Kvamsøya og Sandsøya.

Det er ikkje idrettshall i kommunen, noko som er eit stort sagn for aktive idrettsutøvarar.

Alle småbåthamner er utbygde og eigde av etablerte småbåtlag.

Kommunen har eit desentralisert skulemønster. Barnehagetilbodet i kommunen er godt utbygt. Sande kulturskule, med tilbod til barn/unge innan song og musikk – og etter kvart også andre kulturaktivitetar – er i positiv utvikling.

Som nemnt ovanfor er ikkje Sande kommune eigar av idrettsanlegg, men kommunen løyver årlege tilskot frå kulturbudsjettet til lag/organisasjonar som organiserer idrett og fysisk aktivitet. Samla sett utgjer dette likevel berre ein liten del av laga sine driftskostnader. Ideelt sett burde slike tilskot vere vesentleg større. I tillegg kjem så kommunal drift og vedlikehald av gym.salar og leike/-aktivitetsområde ved skulane.

## 1.2 Bakgrunn for planen

Denne planen er den fjerde i rekka (1995-1999) med bakgrunn i krav frå Kulturdepartementet for å få tilskot frå spelemidlane. Første hovudrulleringa av planen vart gjort i 1999.

I 2004 vart det – etter sentrale krav – gjennomført ein hovudrevisjon av planen for perioden 2004 -2006. Med heimel i Plan- og bygningslova skal kommunen - som ein del av ein samla kommuneplan - ha ein vedteken kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

### 1.3 Statlege og fylkeskommunale overordna mål og føringar

Det overordna målet for stateg idrettspolitik er **idrett og fysisk aktivitet for alle**.

Visjonen inneber at Staten har som mål å legge til rette for at flest mogleg skal ha/få høve til å utøve idrett og fysisk aktivitet. I St.melding nr. 14 (1999-2000) "Idrettslivet i endring" blir det understreka at Staten gjennom idrettspolitikken bør ha eit særleg ansvar for barn (6-12 år) og ungdom (13 – 19 år).

Idrett og fysisk aktivitet har ein eigenverdi og ein nytteverdi:

Sjølve opplevinga av å utøve aktiviteten, glede og meistring

Idrett – deltaking i eit felleskap, verdfullt for den einskilde og samfunnet

Helseeffekten – betre fysisk og psykisk overskot som følgje av trening er viktig i høve til den einskilde si oppleving av glede og velvære, men også som samla helsegevinst for samfunnet.

Den statlege friluftspolitikken er basert på helsepolitiske og miljøpolitiske argument (St.meld. nr. 40 (1986-1987) om "Friluftslivet". Friluftsløva, sist endra i 1996, har som føremål å verne friluftslivet sitt naturgrunnlag, og sikre allmenta fri ferdsle og opphald i naturen, til fremje av helse, trivsel og miljø.

Meldinga om friluftsliv held fram at undervisninga i friluft bør styrkast.

I Møre og Romsdal fylkeskommune sin Kulturplan 2001-2004, vedteken av Fylkestinget i oktober 2000, er idrett og fysisk aktivitet teke med som eit verksemdsområde i den samla planen for kultur.

### 1.4 Planprosessen

Vedtak om rullering av planen	02.05.2006
Melding om oppstart (Vestlandsnytt)	06.06.2006
Melding til lag/organisasjonar	06.06.2006
Ope møte om planarbeidet (idedugnad)	15.06.2006
Arbeid i arbeidsutvalet – 2 møte i	sept./okt.06
Handsaming i Kommuneplanutvalet	03.10.2006
Vedtak om offentleg høyring - frist	06.11.2006
Handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet	13.11.2006
Handsaming i Sande formannskap	
Endeleg hands. /vedtak i Sande kommunestyre	

### 1.5 Tilhøvet til andre planar

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ein del av ein samle kommuneplan. Det løpande planarbeidet skal vurderast opp imot det til ei kvar tid vedtekne planverket. Vi kan ikkje sjå at det er usemje mellom denne planen og andre kommunale planar.

## 2 ANALYSE AV BEHOV FOR AKTIVITETAR OG TILRETTELEGGING

### Kva fungerer bra, og kva kan bli betre i Sande ?

Svært mange av dei som bur i Sande er glade i å nytte naturen. Det gjev alle som vil satse

på idrett og fysisk aktivitet viktig grunnfysikk. Tilbod om turstiar, sykkel- og gangvegar bør utviklast vidare. Det vil vere behov for vedlikehald og nye tiltak.

- Den organiserte idretten har godt fotfeste i Sande. Lagidretten, i særleg grad fotballen, har lange tradisjonar, og har i periodar stor breidde. Handball er derimot nesten ute som lagidrett i dag. Dei individuelle idrettane som t.d. friidrett er diverre nesten heilt borte i dag. Tidlegare år hadde Sande kommune, særleg Larsnes idrettslag eit rikt friidrettsmiljø, der einskilde utøvarar hevde seg godt både i distrikt-, og til dels i landsmålestokk. Det bør vere eit mål å arbeide fram mot auka breiddeaktivitet igjen innan idretten i kommunen.
- Skytesporten med Larsnes skyttarlag som hovudaktør har auka aktivitet gjennom bevisst arbeid. Ny skytebane på Leikongeidet ved kommunegrensa til Herøy vil vonleg verke positivt for skytesporten og gje grobottn for yttarlagare vekst.
- Symjesporten har ikkje altfor gode vilkår i kommunen, men i bassenget ved Gursken skule vert det gjeve symjeopplæring til elevane ved alle skulane i kommunen. Bassenget gjev og i deler av året tilbod til folket elles i kommunen, og vert i ei viss grad nytta av folk i nærområdet til bade- og symjeaktivitetar.
- Fritidsaktivitetar knytt til bading, sjø og båtliv kan utviklast vidare.
- Nye idrettar som t.d. sykkelsport kan realiserast/utviklast når den nye gokartbana på Leikongeidet står ferdig til bruk om eit år eller to.
- Klima- og vertilhøva i ei kystkommune som Sande garanterer ikkje for gode snø- og istilhøve kvart år, men einskilde vintrar er det brukbare tilhøve for skigåing i fjella. Alle som likar å køyre alpint må derimot reise ut av kommunen for å nå tak i slike tilbod.
- Lag/organisasjonar som er aktive innan idrett og fysisk aktivitet står for eit viktig og verdfullt arbeid gjennom sine tilbod til folket som bur her. Ballbingar nær sagt ved alle skulane i kommunen er med og stadfester dette.
- Kommunen sin innsats omfattar drift og vedlikehald av skuleanlegg. Desse anlegga vert brukte av barn/ungdom også utanom skuletida. Andre tiltak for barn og unge, i hovudsak tilskot til organisert idrett og fysisk aktivitet er etter måten beskjedne. Økonomiske tilskot bør om mogleg aukast i åra framover. Vidare må kommunen – i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar – som lag, næringsliv og andre, stimulere til meir fysisk aktivitet ved å engasjere seg i:
  - kompetanseutvikling / leiarutdanning
  - skape arenaer for nye, komande aktuelle aktivitetar for ungdomen
  - integrering av og deltaking for ulike grupper funksjonshemma
  - vere med i utbygging av nærmiljøanlegg for uorganisert leik / aktivitetar.

# MÅLSETTINGAR OG STRATEGIAR

## 3.1 HOVUDMÅL

### Hovudmål:

**Alle i Sande kommune skal ha eit tilbod om fysisk aktivitet og naturopplevingar ut frå egne behov og føresetnader. Tilbod til barne og unge skal prioriterast.**

Det skal leggest vekt på deltaking og medverknad frå lag/organisasjonar i planlegging og utforming av tiltak.

I Samarbeid med folket i kommunen gjere Sande til ei betre kommune å bu i m.a. ved å betre tilboda for idrett og fysisk aktivitet.

Målsetjinga skal ein søkje å nå gjennom følgjande

### DELMÅL

<p><b>Delmål:</b>  <b>Idrett og fysisk aktivitet for alle i kommunen, utan omsyn til bustad eller interesse</b>          Alle bygder skal ha sine leikeplassar / nærmiljøanlegg.          Det skal finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø i nærmiljøet.          Alle særiddrettar med stor utbreiing i kommunen, og som det er naturleg grunnlag for, skal ha eit større anlegg for sin idrett.          Skape samhald mellom folk i bygdene og utover bygdegrensene ved utøving av felles aktivitetar.</p>	<p><b>Strategiar:</b>          Legge til rette for at flest mogleg kan drive aktiv leik, idrett og friluftsliv i nærmiljøet der dei bur.          Skulen, idretten og friluftslivet sine behov for areal og anlegg bør samordnast så langt råd er.          Skape minst ein møteplass for alle generasjonar i kvar bygd, der folk kan møtast i trivelege omgivnader, ta del i felles aktivitetar og utvikle fellesskap og samhald.          Ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar skal det på høvelege stader innarbeidast areal for leik, idrett og friluftsliv som ein del av bumiljøet.          Forvalte allemannsretten og sikre område til nærmiljøanlegg/møteplassar i alle bygder.          Ta vare på tradisjonelt viktige møtestader, t.d. idrettslag.          Satse på eit breidt kulturtilbod og eit mangfald i fritidsaktivitetar for folk i alle aldrar.          Legge til rette for eit forsvarleg vedlikehald og opprusting av anlegg gjennom rutinemessige kontrollar. Støtte vedlikehald, og slik sikre utstyr og anlegg på skular, i barnehagar og nærmiljøanlegg, der barn og unge har sine aktivitetar.</p>
<p><b>Tilgjenge til idrett og fysisk aktivitet for alle</b>          Funksjonshemma skal ha tilgang til alle</p>	<p>Betre kommunikasjonen og med det tilgangen til aktivitetar og tilbod for mindre mobile grupper.</p>

<p>idrettsanlegg, og det skal leggest til rette for gode og varierende fritidstilbod for dei.</p> <p>Eldre og mindre mobile grupper skal ha eit aktivitetstilbod som er tilpassa dei..</p>	
--	--

<p><b>Friluftsliv for alle</b></p> <p>Gode naturopplevingar gjev grunnlag for aktivitetsglede, utvikling av positive haldningar og engasjement for miljøvern</p> <p>Positive naturopplevingar er eit viktig grunnlag for miljøundervisning. Utemiljøet og nærområda ved skulane og barnehagane bør nyttast i undervisninga.</p> <p>Turvegar i grøntdrag kan gje naturopplevingar i seg sjølv, og binde saman bustadområda med større turområde.</p> <p>Turvegar kan også binde saman bustadområda med grøntområde og idrettsanlegg og tene som samband mellom m.a. arbeidsstad, skule og heim, og slik fungere som eit alternativt transportnett.</p>	<p>Legge til rette for at innbyggjarane får høve til å utfalde seg med friluftsliv og naturopplevingar ved å sikre eigna areal og tilgjenge til desse også i framtida.</p> <p>Gje små barn høve til å kome ut i naturen utan å vere avhengig av biltransport, og dermed redusere tran-sportbehov og miljøulemper.</p> <p>Turvegar, -stiar og –løyper bør tilret-teleggast slik at dei utgjer eit nett med grønne ferdselsårar i/ved bustadfelt, kulturlandskap, skog og fjell.</p>
<p><b>Landskapsvern, miljømessige- og estetiske tilhøve ved alle anleggs- og områdetyper skal takast i vare</b></p>	<p>Ta vare på natur, kulturlandskap og kystkultur slik at etiske, kulturelle og biologiske verdiar blir sikra for framtida.</p> <p>Legge miljøkriteriar til grunn ved inn-kjøps- og arbeidsrutiner i samband med utbygging og vedlikehald av anlegg / område.</p> <p>Sjå til at møteplassar blir etisk fint utforma. Skule og barnehage bør stimulere til opphald og aktivitet i naturen og slik fremje aktivitetsglede og eventyrlyst.</p> <p>Medverke til at positive opplevingar i naturen fremjar forståing for grunn-leggande økologiske samanhengar, naturen sin eigenverdi og samspelet mellom natur, menneske og kultur.</p> <p>Medverke til til utvikling av lokal identitet, og samanhengar mellom fri-luftsliv, kulturhistorie og primær-næringane sin tradisjonelle utnytting av naturgrunnlaget.</p>



## 4. RESULTATVURDERING AV FØREGÅANDE PLAN – Perioden 2004 – 2006

### Gjennomførte tiltak:

#### **Ordinære anlegg:**

##### **Nye anlegg;**

- Løkemyra skytebane Leikongeidet – fått tilskot 2005, snart ferdigbygd
- Gokartbane Leikongeidet – tilsagn om tilskot 2006 – arbeid oppstarta

#### **Nærmiljøanlegg:**

- Ballbinge Larsnes skule
- Ballbinge Gjerdsvika skule

### Ikkje gjennomførte tiltak / status:

#### **Ordinære anlegg:**

- Tennis- / fotballhall, Kvamsøy – Søknad enno ikkje fremja av søkjaren, Kvamsøy IL
- Anlegg for golfsport Gjerdsvika – Søknad ikkje fremja enno av søkjaren som er ei Interessegruppe i Gjerdsvika

#### **Rehabilitering:**

- Nytt dekke grusbane Larsnes

### TILTAK I LANGSIKTIG PLAN:

(som har vore med i tidlegare planar, men som av ulike grunnar ikkje har blitt realisert)

#### **Ordinære anlegg:**

- Gym.sal/aktivitetshall Gjerdsvika skule – Ikkje nærare konkrete planar om dette
- Utviding av gym.sal Gursken skule
- Treningsfelt Gjerdsvika – Ikkje nærare planar om dette frå Gjerdsvika IL
- Sandehallen, Larsnes – kfr. tiltak i prioritert handlingsplan for perioden 2007 - 2010
- Treningsfelt Gursken – Nærare planar ikkje konkretisert

#### **Nærmiljøanlegg:**

- Opprustning av varmebadet Larsnes
- Tursti Larsnesskogen: Halleosen-Skitnevikja, Larsnes
- Badeplass Skitnevikja, Larsnes
- Badeplass Sandvika, Gursken
- Sandangersanden badeplass Gjerdsvika

#### **Friluftsanlegg:**

- Dollsteinen friluftsområde, Sandsøy – info tavle, toalett
- ”Møteplass Tua”, Gursken
- Drageskaret turområde, Larsnes
- Tursti Seljeseth – Brekkane, Gursken
- Vidare utbygging av turløyper Sande kommune

## REGISTRERING AV AKTIVITET OG ANLEGG

### Registrerte aktivitetar

#### Organisert idrett

Organisasjon	Antal medlemmer – aktive		
	under 20 år	over 20 år	Aktive
<b>Larsnes idrettslag</b>	<b>155</b>	<b>80</b>	<b>235</b>
Fotball	80	40	120
Friidrett	15		
Trimgrupper	60	40	100
Passive medlemmer		100	100
<b>Sandsøy idrettslag</b>	<b>96</b>	<b>90</b>	<b>186</b>
Fotball	44	10	54
Trimgrupper	40	80	120
Andre utan-/innandørs aktivitetar	12		12
Passive medlemmer			30
<b>Gursken idrettslag</b>	<b>115</b>	<b>26</b>	<b>141</b>
Fotball	84	6	90
Trimgrupper	31	20	51
Passive medlemmer			89
<b>Gjerdsvika idrettslag</b>	<b>38</b>	<b>11</b>	<b>49</b>
Fotball	17	11	28
Idrettskule	21		21
Trimgruppe (aktiv-tal ikkje oppgjeve)	-	-	-
Passive medlemmer	25	77	102
<b>Kvamsøy idrettslag</b>	<b>65</b>	<b>50</b>	<b>115</b>
Fotball	27	15	42
Trimgrupper	11	20	31
Volleyball	10		10
Helsesport	17	15	32
Passive medlemmer	19	95	114
<b>Sandelaget</b>	<b>17</b>		<b>17</b>
Fotball	17		17
<b>Larsnes skyttarlag</b>	<b>14</b>	<b>69</b>	<b>83</b>
Skyting – felt / bane	14	69	83

Registrerte aktivitetar i ovanfor nemnde lag bygger på innhenta opplysningar frå laga i september – 03. **Medlemssamansetjinga i ulike lag kan vere noko endra i 2006.**

**Synste Luten Dykkerklubb**, Gursken har kome til i siste planperiode. Dette er ein ny, organisert idrettsaktivitet i Sande. Medlemssamansetjinga i klubben er ikkje kjent.

### Friluftorganisasjonar

Det er ikkje registrert eigne friluftorganisasjonar i Sande kommune, men alle idrettslaga i kommunen har – som vist i tabell ovanfor – organiserte trimgrupper med til dels stor aktivitet.

### Helsesportsorganisasjonar

Det er ingen registrerte helsesportsorganisasjonar i kommunen.

### Andre aktivitetsfremjande organisasjonar

Drageskaret danselag – har medlemmer frå bygdene Larsnes / Gursken.

Vågen skulekorps – drillgruppe

Adventura, Gjerdsvika

Gjerdsvika 4 H

Tareholmen 4 H, Kvamsøy.

Drageskaret danselag er samansett av vaksne medlemmer. Aktørane som er med i dei andre laga som er nemnde under pkt. 5.1.4. er barn/ungdom.

### Eksisterande anlegg og tiltak i Sande kommune

I bygdene i Sande kommune er det gjennom åra bygt ut ei rekke leikeplassar, gymnastikk-salar, idrettsanlegg, småbåthamner, og parkeringsplassar m.m. av kommunen, idrettslag, andre organisasjonar/lag og vegstellet. Anlegga som kommunen har bygt er knytt til skulane, men dei vert i stor grad også nytta av idrettslaga og andre interessegrupper.

### Registrerte idrettsanlegg

Type anlegg	Lokalisering	Eigar/brukar	Storleik/dekke
Fotball Klubbhus	Gjerdsvika Gjerdsvika	Gjerdsvika IL Gjerdsvika IL	60 x 100 m- grasbane 134 m <sup>2</sup>
Stadionanlegg/fotball	Gursken	Gursken IL	64 x 100 m- grasbane
Løpebaner	Gursken	Gursken IL	6 x 370 m-grusbane
Klubbhus	Gursken	Gursken IL	163 m <sup>2</sup>
Fotball	Gursken b./u.skule	Sande komm./Gu. IL	60 x 100 m –grus/lys
Stadionanlegg/fotball	Larsnes	Larsnes IL	64 x 104 m-grasbane
Løpebaner	Larsnes	Larsnes IL	6 x 400 m
Anlegg/utstyr friidrett	Larsnes	Larsnes IL	
Klubbhus	Larsnes	Larsnes IL	130 m <sup>2</sup>
Fotball	Kvamsøya	Kvamsøy IL	65 x 110 m-grasbane
Klubbhus/garderobe	Kvamsøya	Kvamsøy IL	214 m <sup>2</sup>
Treningsstudio(kl.hus)	Kvamsøya	Kvamsøy IL	
Fotball	Kvamsøya	Sande komm./Kv.ø IL	45 x 90 m-grus/lys
Fotball	Sandsøya	Sandsøy IL	64 x 100 m-grusbane
Klubbhus	Sandsøya	Sandsøy IL	

**Kommunale-registrerte anlegg for fysisk aktivitet (Nærmiljøanlegg)**

Type anlegg	Lokalisering	Eigar/brukar	Storleik
Ballplass	Gjerdsvika skule	Sande kommune	22 x 50 m - grus
Gym.sal	Gjerdsvika skule	Sande kommune	6 x 11 m(låg takhøg)
Ballplass	Gursken b./u.skule	Sande kommune	38 x 60 m - grus
Gym.sal	Gursken b./u.skule	Sande kommune	12 x 20 m
Symjehall/basseng	Gursken b./u.skule	Sande kommune	10.5 x 12.5 m
Leikeplass	Haugelia barnehage	Sande kommune	
Ballplass	Larsnes skule	Sande kommune	60 x 100 m grus/lys
Gym.sal	Larsnes skule	Sande kommune	10 x 20 m
Gym.sal	Kvamsøy b./u.skule	Sande kommune	10 x 20 m
Ballplass	Kvamsøy b./u.skule	Sande kommune	(sjå under pkt.5.2.1.)
Gym.sal	Sandsøy b./u.skule	Sande kommune	8 x 17.6 m
Ballplass	Sandsøy b./u.skule	Sande kommune	35 x 70 m – grus

Det er dei siste 3-4 åra bygt **ballbingar** ved skulane i **Gursken, Sandsøy, Larsnes** og **Gjerdsvika**. Ved den 5. og siste skulen (**Kvamsøy**) er ballbinge under planlegging, jfr.prioritert tiltak i handlingsplanen for 2007 – 2010.

**Andre registrerte anlegg for fysisk aktivitet (grendalag o.a.-Nærmiljøanlegg)**

Type anlegg	Lokalisering	Eigar/brukar	Storleik/kapasitet
Småbåthamn	Gjerdsvika	Gjerdsvika småbåtlag	
Småbåthamn	Gjerdsvika	Muren småbåtlag	
Småbåthamn	Hauge, Haugsbygda	Hauge småbåtlag	6 båtplassar
Småbåthamn	Vik, Gursken	Vik småbåtlag	
Småbåthamn	Vågen, Gursken	Vågen småbåtlag	
Leikeplass	Sætre bustadfelt	Sætre grendalag	
Leikeplass	Breivikneset,Larsnes	Breivikneset gren.lag	
Balløkke	Haugen, Larsnes	Haugen/Råkja gr.lag	
Leikeplass	Hallelia, Larsnes	Hallelia grendalag	
Småbåthamn	Grønnevika,Larsnes	Grønnevika sm.båtlag	61 båtplassar
Småbåthamn	Hallebygda,Larsnes	Hallebygda sm.båtlag	20 båtplassar
Leikeplass	Bustadfelt Kvamsøya	Velforeining,Kvamsø	
Småbåthamn	Kvamsøy hamn	Kvamsøy småbåtlag	Ca. 40 båtplassar

**Friluftsområde**

<b>Turkart for Ytre, Søre Sunnmøre (merka turstiar)</b>	Fjellområda på Gurskøya, Sandsøya	Samarbeid mellom Komm. på Ytre, Søre Sunnmøre	Turstiar med startpkt. I fleire av bygdene i Komm., jfr. turkartet
<b>Turvegar/turstader</b>			
	Gjerdsvika/ Sædalen		Komb.køyre-/turveg
	Haugsbygda / Gjønna		Tursti

	Brekkan/Seljeseth		Tursti
	Tursti, Haugelia		Tursti
	Gml.Drageskarvegen		Turveg Larsn./Dr.skar
	Larsnes-skogen		Turveg Larsn.området
	Hallebygdvegen		Blir brukt til turgåing
	Myrdalen, Kvamsøyfj		Dagsturområde
	Dollsteinen, Sandsøya		Dagsturområde
<b>Badeplassar</b>			
	Ragnhilberg. Larsnes		Sand / svaberg
	Grønnevika, Larsnes	Grønnev. Småbåtlag	Sand / molo
	Leitevika, Skredestr.		Sand
	Årvika, Skredestranda		Sand
	Hallebygda småbåtha.	Hallebygda småbåtlag	Sand / molo
	Sandangersand.Gj.vik		Sandstrand
	Sandvika, Gursken	Privat	Sandstrand
	Ristesundsand.Kv.øya		Sandstrand
	Kyrkjesand.,Sandsøya		Sandstrand
<b>Fiskeplassar</b>			
	Gjønes./Hidsnes.,Gj.v		Svaberg
	Sandviknes, Gursken		Svaberg
	Vågselva, Gursken		(ferskvassfiske)
	Skogevatnet, Gursken		(ferskvassfiske)
	Moloen, Kvamsøya		
	Moloen, Sandsøya		

**Fiske frå båt:**

Gjerdsvika;	Gjøskeret, Hidsboden, Klakken og fleire andre stader
Gursken;	Haugsfjorden, Gurskefjorden, Sandvika, Gjøneset
Larsnes,Hallebygda,Skredestranda;	Saudeholmen, Kropparevet, Hallefjorden,Åramsundet
Sandsøya / Voksa;	Nord- og utsida av Sandsøya, Haugsfjorden m.v.
Kvamsøya	Haugsfjorden ved Kvamsøya, Frekøya, Haugsholmen og Riste m.v.

## 6. VURDERING AV ANLEGG- OG AKTIVITETSBEHOVET

### 6.1 Idrettar og friluftaktivitetar det er naturleg grunnlag for, som ikkje har anlegg eller aktivitetshus / -område.

Folket i Sande manglar ennå idrettshall. Det må difor vere eit mål å få realisert "Sandehallen" innan uoverskueleg framtid. Elles er anleggssituasjonen i Sande kommune rimeleg tilfredsstillande med tanke på kommunale ballplassar og gym.salar ved skulane i krinsane, og idrettslaga sine idrettsanlegg i bygdene. Unntaket er Gjerdsvika som manglar ein funksjonell gym.sal. Kunstgrasbaner blir meir og meir vanleg også i vårt distrikt. Det er rimeleg å tru at også aktive idrettsutøvarar i Sande ønskjer å få eit slikt framtidig tilbod i kommunen.

I samband med rullering av kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet, arrangerte kulturkontoret i samarbeid med Møre og Romsdal idrettskrets "Framtidskveld" i rådhuset 15.06.2006. Leiarar og medlemmer frå ulike lag/organisasjonar i kommunen var invitert til å ta del, og føremålet med samlinga var å setje fokus på tilhøva i kommunen, samstundes som tankar om moglege nye tiltak kunne fremjast.

Deltakarane på møtet – som var aktive både i grupper og plenum – fekk som oppgåve å peike på **kva som fungerer bra i Sande** og **kva som som kan gjerast betre i Sande**.

I plenumsdiskusjonen konkluderte møtedeltakarane med følgjande:

#### **Dette fungerer bra i Sande kommune:**

- Fotballaktivitetar / samarbeid innan fotballen
- Trimaktivitetar
- Idrettskular
- Organiseringa i idrettslaga
- Friluftslivet / fjelltrim
- Skytesporten
- Allidrett.

#### **Dette kan betrast i Sande kommune:**

- Bygging av idrettshall
- Eit meir allsidig / variert idrettstilbod til alle aldersgrupper
- Utbygging av fleire turstiar i kommunen
- Banetilhøva for fotball / over til kunstgras
- Auka økonomisk medverknad/sponsing frå kommune og næringsliv
- Leiar- / trenarutdanning
- Rekruttering av tillitsvalde
- Informasjon internt/eksternt
- Betre oppslutning om idrettsrådet
- Fleire ut i naturen / auka aktivitet i nærmiljøet.

### Arbeidsområde:

Deltakarane på ”framtidskvelden”/ idemøtet konkluderte med at det må satsast på følgjande arbeidsområde:

- Anlegg
- Rekruttering
- Økonomi
- Informasjon.

Under **anlegg** vart nemnt:

- Bygging av kunstgrasbane i Gursken (som ein lekk i Haugshornet vindpark)
- Tilrettelegging for betre vedlikehald av grasbanene (samdrift av maskinpark)
- Betre tilhøve for innandørs aktivitetar (bygging av fleirbrukshall)
- Tilrettelegging for volleyball – ute (jfr. tiltak om dette ved Gamlebanken,Larsnes)
- Tilrettelegging for bading utandørs (bade plass Larsnes)
- Bygging/opprustning av turstiar i kommunen.

Når det gjeld **rekruttering/utdanning** vart det peika på:

- Få fram kor viktig det er med friviljugt arbeid
- Utvikle samarbeidet mellom kommunen og laga
- Utdanne leiarar og trenarar – få øyremarka midlar til dette
- Rekruttering av **unge** leiarar
- Målretta rekruttering av leiarar.

### Økonomi:

Her vart peika på:

- Behov for auka **kommunalt** tilskot til idrett og friluftsliv, og
- auka til tilskot frå **næringslivet**

### Informasjon intern / ekstern:

- Bruk av kommunen sin kulturkalendar for alle partar
- Meir informasjon i presse/media
- Bruke andre moglege info-kanalar
- Skape møteplassar for å utveksle informasjon.

Det som her er peika på inneber ein kombinasjon av å betre dei eksisterande tilboda som idrettslaga representerer, og å utvikle eit meir allsidig aktivitetstilbod. Det er og ønskje om betre oppslutning om organisasjonslivet i kommunen.

Under eit tilsvarande idemøte i 2002 – i samband med revisjon av gjeldande plan – kom det og mange framlegg om framtidige tiltak. Nokre av dei tiltaka som vart lista opp då er gjennomførde/ i ferd med å bli gjennomført.

Resultatet frå idemøtet i 2006 viser imidlertid at mange av framlegga frå 2002 også er med i 2006. Framlegg til tiltak frå idemøtet i 2002 som er med i gjeldande plan, og som ikkje er med ovanfor er følgjande:

- **Ballplass Haugsbygda** ( ved tidlegare Haugsbygda skule) bør i framtida nyttast som Ballplass / nærmiljøanlegg.
- **Opent symjebasseng** ønskje om auka aktivitet, om mogleg opent basseng ettermiddag/ kveld alle yrkedagar.
- **Betre tilbod til innandørsaktivitetar**  
Ny gym.sal Gjerdsvika skule  
Utviding av gym.sal Gursken skule.

#### **Tiltak innan friluftsliv:**

- **Nytte sjøen til aktivitetar**, t.d. kapproing, dykking, vannski, seiling, fisking m.m.
- **Utnytte andre naturgjevne tilhøve**, t.d. ski og skøyter når temperatur- og vertilhøva gjer det mogleg. Som t.d. utnytte isen på Skogevatnet i Gursken til skøytesport når isen er sikker. Sprøyting av Larsnes stadion og i Gursken bør også vere aktuelt. Konkursrenn på ski og skøyter for lagsmedlemer og andre interesserte. Samarbeid mellom idrettskulane. Tur- og terrengsykling. Trim for aldersbestemte klasser. Orientering – ”vi har terrenget”.

#### **Uformelle samlingar/ aktivitetstilbod for ungdom i form av**

- **Opne innandørsanlegg** der unge kan kome saman for å drive uformelt, utan organiserte treningsopplegg. Lavterskeltilbod innanfor handball – badminton – basketball – bordtennis – aerobic – dans.
- **Idrettsdagar** i lokalmiljøet – gjerne lagvis og som fellesarrangement for heile kommunen.

#### **Betre oppslutning om organisasjonslivet**

- **Leiar- og trenarutvikling** – informasjon om kurstilbod, lokale kurs – øymerka midlar til leiaropplæring – organisasjonsplan / instruks for tillitsvalde som viser **kven** som skal gjere **kva**.
- **Utveksling av kompetanse** – frå kommune til lag, og frå lag til lag – utveksle erfaringar. Opprette og utnytte samarbeidsforum. Idrettsrådet må fungere utover det å fordele kulturmidlar.
- **Spesialisering innanfor sær-idrettane** – t.d. friidrettskompetanse på Larsnes. Idrettslaga må tenke meir på tilbodet / aktivitetane i heile kommunen. Aktivitetane og utøvarane må stå i fokus. Alle lag kan drive med ”alt”.
- **Betre kommunale støtteordningar** - auka tilskot vil frigjere menneskelege ressursar til å skape aktivitet framfor å ”få inn” pengar. Næringslivet må i større grad forstå verdien av eit godt fungerande organisasjonsliv.

Resultatet frå ”framtidskvelden” er eit viktig innspel i prosessen i arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Deltakarane, der også representantar for barn og unge var med, kjenner godt situasjonen omkring tilbod og tiltak som vedkjem denne planen. Ved å ta omsyn til dei ønskje/innspel som kom fram på dette idemøtet er ein tryggare på å få ein plan som er tilpassa brukarane. Planen vil såleis vere ein reidskap for å gi barn og unge i Sande gode oppvekstvilkår innan idrett og ulike fysiske aktivitetar, og vidare vere eit middel til trivsel og positive aktivitetar for alle aktuelle brukargrupper i alle aldrar.



## 6.2 Anlegg tilrettelagt for ulike grupper funksjonshemma

Utbygging og tilrettelegging av tilbod for funksjonshemma er viktig.

Planane for opprusting/ rehabilitering av varmebadet på Sandetun er nødvendig for å sikre eit aktiviserings-/opptreningstilbod til ulike grupper av folket i kommunen.

Idrettsanlegga og ballplassane i kommunen tilfredsstiller elles langt på veg behovet for fysiske konkuranseaktivitetar.

### **Samandrag:**

Den fysiske aktiviteten blant folk i kommunen kan bli mykje betre. Med hjelp frå dei mange aktørane som har i gang ulike aktivitetar, og betre tilrettelegging frå kommunen og andre offentlege instansar når det gjeld planlegging og økonomisk hjelp, kan stimulere til auka fysisk aktivitet for alle grupper av folket i kommunen.

Kommunen og lag/organisasjonar bør til ei kvar tid vere aktive med tilrettelegging av tiltak som kan fremje aktivitet og trivsel mellom folk.

Proessen med å involvere, og gjere bruk av kompetanse i lag og organisasjonar, og einskildpersonar i desse, er avgjerande for å skape noko som innbyggjarane i Sande får eit eigeforhold til.

Innspela frå publikum når det gjeld framlegg om tiltak i handlingsplanen må vi tolke som innbyggjarane/ brukarane sine ønskje om betring av tilbod innan idrett og fysisk aktivitet.

Beste resultatet får ein truleg gjennom samhandling og samvirke mellom dei ulike aktørane.